

REGULERINGSFØRESEGNER
i tilknytning til reguleringsplan for
BØMARKA
Gnr/brnr 30/2
Volda kommune.

Dato for revisjon av planen:..... 25.mai -05
Eigengodkjenning i kommunestyret.....

1:Planavgrensing:

Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet.

2:Arealbruk:

Området er regulert til følgjande føremål:

Bygeområde, privat barnehage.....Merka A

Off. trafikkområde, køyreveg

3:Fellesføresegner:

- a: Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet.
- b: Bygningane skal ikkje vere høgre enn det dei generelle vilkåra i PBL tillet.
- c: Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal bygningsrådet sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.
- d: Der terrengnivå etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannnetomt eller gate, kan bygningsrådet gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare.
- e: Høgde og utforming av gjerde mot veg skal godkjennast av bygningsrådet. Gjerde mot nabo/fellesareal/veg/friområde må ikkje vere over 80cm. høgt inklusive sokkel.
- f: Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt som råd er.
- g: Innanfor frisisiktonene i vegkryssa må det vere fri sikt i ei høgd av 0,5m over planum for dei tilstøytande vegane. Arealet innanfor frisisiktonene må ikkje nyttast slik at sikten vert hindra på noko tidspunkt.

4: Byggeområde, privat barnehage (Merka A):

- a: Området skal nyttast til bygging av ny privat barnehage.
- b: Barnehagen skal byggast i samsvar med byggeplan som følger med reguleringsplanen.
- c: I samband med byggemelding skal det leggast fram plan for utnytting av uteareala på A, og desse skal vere ferdig opparbeidde før det vert gjeve bruksløyve på husa.

5: Off. trafikkområder:

Områda skal nyttast som offentlege køyreveggar.

6: Rekkefølgekrav:

Dei offentlege vegane skal ferdigstillast i samsvar med plankartet før det vert gjeve bruksløyve på husa. Uteområda på barnehagetomta skal vere ferdig opparbeidde i samsvar med byggeplanen som ligg ved reguleringsplanen før det vert gjeve bruksløyve på husa.

7: Generelt:

- a: Det er ikkje høve til, med private servituttar å skipe tilhøve som er i strid med desse føresegnene.
 - b: Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld vedtektene i Plan- og Bygningsloven og bygningsvedtektene for Volda kommune. Når særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgjevinga og dei kommunale vedtektene.
-

REGULERINGSPLAN for
Barnehagetomta BØMARKA,
 Del av gnr 30/2 Volda sentrum

Teiknforklaring:
 PBL § 25 reguleringsføreml:

Bygeområder
 (PBL§25, 1.ledd nr.1)

Almennyttige føremål
 Barnehage

Off. Trafikkområder
 (PBL§25, 1.ledd nr.2)

Køyreveg

STREKSYMBOL:

- Plangrense
- - - Senterline veg
- Føremålsgrænse
- - - Byggegrense
- Frisiktligne



Omriss av planlagde bygg


Målestokk = 1:1000



Sakshandsaming etter PBL:

1. gong handsaming i DFP 29.03.2005
2. gong handsaming i DFP 06.06.2005
 Off. Eftersyn 11.06 – 23.07.2005
3. gong handsaming i DFP 19.09.2005
 Kommunestyrevedtak k-sak 0092/05, 29.09.05

Planen er utarbeida av Tomteservice as
 i v/Svein Holmen 24.mai 2005
 Plan endra etter vedtak i K-sak 0092/05
 den 29.09.2005



Plan tilgjengelig k-sak 92/05
den 29.09.2005
VOLDA KOMMUNE
NERINGS- OG JUVIKKLINGSS
for administrasjon
29.09.05